

## Kriterium for vurdering av førerett til leiarstilling i VLFK

Dette notatet er utarbeidd for å standardisere einskilde element av skjønn og sikre likebehandling:

### Leiarstilling

Ingen medarbeidarar kan ha fortrinnsrett til stillingar på et høgare nivå i organisasjonen enn ein er på i dag. Dette inneberer at medarbeidarar som ikkje er leiarar, i utgangspunktet ikkje kan ha førerett til leiarstillingar. I HFK praktiserer ein i dag i all hovudsak einskapleg leingi. Det vil seie at budsjettansvar, personalansvar og fagleg ansvar er plassert i same leiarstilling. I SFFK blir ein meir fleksibel modell praktisert, der mange leiarar har fagleg ansvar utan personal- og budsjettansvar. I nokre tilfelle har leiaren «uformelt personalansvar». Dette utøvast i samråd med overordna leiar som har det formelle ansvaret. Den overordna leiaren utøvar sjølv personalansvaret i liten grad.

I tilfella der leiaroppgåvene er uformelle må det kartleggast kva det praktiske innhaldet i stillinga er. Sentralt her er kor mange leiaroppgåver som inngår i stillinga. Dersom ein kjem fram til at stillinga i stor grad ber preg av å være ei leiarstilling **i si praktiske utføring**, kan medarbeidaren vurderast i forhold til stilling som leiar.

Moment som talar for leiarstilling.

- Einskapleg formalisert leiarstilling
- Handterer mange personalmessige oppgåver som medarbeidarsamtale, planlegging av ferieavvikling, sjukefråværsoppfølging.
- Deltok i rekruttering og bemanningsplanlegging. Legg utviklingsplanar for medarbeidarane og følgjer opp disse.
- Deltok på leiarmøter.
- Arbeidet består i stor grad av å følgje opp andre arbeidstakarar sitt arbeid, og i mindre grad å utføre sjølvstendige oppgåver
- Stor mynde til å fatte egne faglege val og prioriteringar, leiar følgjer opp på eit svært overordna nivå
- Følgjer opp økonomiske prioriteringar og ressursbruk på avdelinga, er informert om budsjett og regnskapstall fortløpande.

Moment som talar for medarbeidarstilling

- Mesteparten eller alle leiaroppgåver er ikkje formalisert
- Handterer få eller ingen personalmessige oppgåver som medarbeidarsamtale, planlegging av ferieavvikling, sjukefråværsoppfølging.
- Deltok ikkje på rekruttering og bemanningsplanlegging. Følgjer ikkje opp andre medarbeidarar si utvikling.
- Deltok ikkje på leiarmøter
- Arbeidet består i liten grad å følge opp andre arbeidstakarar sitt arbeid, i all hovudsak sjølvstendige oppgåver.
- Avgrensa mynde til å fatte egne faglege val og prioriteringar. Rapporterer tett til leiar.
- Lite eller ingen oppfølging av økonomiske prioriteringar og ressursbruk på avdelinga. Er normalt ikkje fortløpande informert om regnskapstall og kostnadskontroll.

Moment	Talar for vidareføring	Talar mot vidareføring	Vurdering	Kommentar
<b>Leiarvurdering</b>				
Moment	Talar for leiarstilling	Talar mot leiarstilling	Vurdering	Kommentar
<b>Stilling</b>	Einskapleg formalisert leiarstilling	Mesteparten eller alle leiaroppgåver er ikkje formalisert		
<b>Personal</b>	Handterer mange personalmessige oppgåver som medarbeidersamtale, planlegging av ferieavvikling, sjukefråværsoppfølging. Deltok på leiarmøter.	Handterer få eller ingen personalmessige oppgåver som medarbeidersamtale, planlegging av ferieavvikling, sjukefråværsoppfølging. Deltok ikkje på leiarmøter.		
<b>Rekruttering</b>	Deltok i rekruttering og bemanningsplanlegging. Legger utviklingsplaner for medarbeidarane og følgjer opp disse.	Deltok ikkje på rekruttering og bemanningsplanlegging. Følgjer ikkje opp andre medarbeidarar si utvikling.		
<b>Arbeidsform</b>	Arbeidet består i stor grad av å følge opp andre arbeidstakarens arbeid, og i mindre grad å utføre sjølvstendige oppgåver	Arbeidet består i liten grad å følge opp andre arbeidstakarens arbeid, i all hovudsak sjølvstendige oppgåver.		
<b>Mynde</b>	Stor mynde til å fatte egne faglege val og prioriteringar, leiar følgjer opp på et overordna nivå	Avgrensa mynde til å fatte egne faglege val og prioriteringar. Rapporterer tett til leiar.		
<b>Økonomi</b>	Følgjer opp økonomiske prioriteringar og ressursbruk på avdelinga, er informert om budsjett og regnskapstall fortløpande.	Lite eller ingen oppfølging av økonomiske prioriteringar og ressursbruk på avdelinga. Er normalt ikkje fortløpande informert om regnskapstall og kostnadskontroll.		

(Drøfta i informasjons- og drøftingsmøte i VLFK 1. februar 2019)